

STUDENTREKRUTTERING TIL HØGSKOLEN I ÅLESUND

Nye studentar på 2000-tallet og potensiale for rekruttering vidare

TITTEL	Studentrekruttering til Høgskolen i Ålesund
FORFATTARAR	Finn Ove Båtevik
PROSJEKTLEIAR	Finn Ove Båtevik
NOTAT NR.	3/2014
SIDER	44
PROSJEKTNUMMER	17194
PROSJEKTTITTEL	Rekruttering av studentar til Høgskolen i Ålesund
OPPDRAGSGIVAR	Høgskolen i Ålesund
ANSVARLEG UTGIVAR	Møreforskning
ISSN	1851-5973
DISTRIBUSJON	Open
NØKKEWORD	Rekruttering, høgare utdanning, demografi

SAMANDRAG

Studiestadane har hatt stor tilstrøyming av nye studentar i perioden etter tusenårsskiftet. Denne veksten har samanfall med auke i ungdomskulla. Det er likevel meir enn tilgang på fleire ungdomar som har gitt auke i studenttala. Det gjeld også Høgskolen i Ålesund. Høgskulen har heilt klart auka rekrutteringa av nye studentar i dei yngste aldersgruppene, men rekrutteringa er vel så prega av at skulen greier å fange opp fleire kandidatar nasjonalt, som av regionale endringar i storleiken i ungdomskulla. Høgskolen i Ålesund rekrutterer framleis mykje regionalt, men har altså relativt sett vorte mindre avhengig av rekruttering av ungdom frå eigen region. Dette er ei viktig endring, ikkje minst fordi det kan gi høgskulen betre føresetnader for å møte dei utfordringane minkande ungdomskull i åra framover kan kome til å gi.

© FORFATTAR/MØREFORSKING VOLDA

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

FORORD

Notatet «Studentrekruttering til Høgskolen i Ålesund» er utarbeidd på oppdrag frå Høgskolen i Ålesund. Høgskulen har lagt til rette for bruk av data baserte på deira egne registreingar av studentar. Dette datamaterialet dannar, saman med data frå Statistisk sentralbyrå, grunnlaget for analysane i notatet.

Kontaktpersonar frå Høgskolen i Ålesund har vore studiedirektør Øyvind Edvardsen og direktør Roar Tobro. Edvardsen har hatt særleg ansvar for å legge til rette datamaterialet og gi rettleiing i bruk og forståing av materialet.

Møreforskning takkar for oppdraget og godt samarbeid undervegs!

Finn Ove Båtevik
Volda, 20. oktober 2014

INNHALD

Figurliste	9
Innleiing	11
Høgare utdanning i vekst	11
Om datamaterialet	13
Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund	14
Geografisk bakgrunn	15
Nye studentar i Ålesund og studentar frå Møre og Romsdal	20
Alder	24
Kjønn	27
Innretning på studiane	30
Utanlandske studentar	33
Framtida for studentrekrutteringa – ein demografisk motbakke?	35
Spreiing av demografisk risiko	39
Avsluttande drøfting	42

FIGURLISTE

Figur 1. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund. Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.....	14
Figur 2. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå Ålesund-regionen. Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund	15
Figur 3. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå Møre og Romsdal elles (område som ikkje er med i figurane over). Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.	16
Figur 4. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå Vest- og Midt-Norge elles (område som ikkje er med i figurane over). Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.	16
Figur 5. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå landet elles (område som ikkje er med i figurane over). Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.....	17
Figur 6. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt kva geografisk område dei er rekrutterte frå. Faktiske tal. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.	18
Figur 7. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt kva geografisk område dei er rekrutterte frå. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Prosent av nye studentar. Kjelde: Høgskolen i Ålesund. ...	19
Figur 8. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane versus landet elles. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.	20
Figur 9. Andel nye studentar i aldersgruppa ved Høgskolen i Ålesund av alle studentar frå dei aktuelle kommunane i same aldersgruppe. Berekninga av studentar frå kommunane er basert på alle som tilhøyrer aldersgruppa 19-24 år i 2013 og som budde i den aktuelle kommunen som 16-åring. Prosent. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå.	21
Figur 10. Andel studentar 1. oktober 2013 i aldersgruppa 19-24 år fordelt på kva kommune dei budde i det året dei fylte 16 år. Berekninga av studentar frå kommunane er basert på alle som tilhøyrer aldersgruppa 19-24 år i 2013 og som budde i den aktuelle kommunen som 16-åring. Prosent. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå.....	22
Figur 11. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter alder ved studiestart. Faktiske tal. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.....	24
Figur 12. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter alder ved studiestart. Aldersgrupper i prosent. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.	25
Figur 13. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter alder ved studiestart. Faktiske tal. . Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.....	26
Figur 14. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter kjønn. Faktiske tal. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.....	27
Figur 15. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter kjønn. Prosent. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.	28
Figur 16. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter studieprogram. 2000-2013. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.....	30

Figur 17. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter kva næringsinnretning studiet har. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.....	31
Figur 18. Utanlandske studentar ved Høgskolen i Ålesund. 2003-2013. Registreringstidspunkt haust. Faktiske tal. Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning, NSD.	33
Figur 19. Utanlandske studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt på kjønn. 2003-2013. Registreringstidspunkt haust. Faktiske tal. Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning, NSD.....	33
Figur 20. Utanlandske studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt på verdsdel. 2003-2013. Registreringstidspunkt haust. Faktiske tal. Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning, NSD.....	34
Figur 21. Studentar 19-24 år i promille av alle i aldersgruppa fordelt på ulike område på Nord-Vestlandet. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.	36
Figur 22. Studentar 19-24 år i promille av alle i aldersgruppa fordelt på ulike område utanfor Nord-Vestlandet. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.	36
Figur 23. Nettoendring i tal nye studentar i aldersgruppa 19-24 år frå 2000 til 2013 fordelt på ulike område. Faktiske tal. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.....	37
Figur 24. Berekna potensiell demografisk effekt på studentrekrutteringa frå 2000 til 2013 for aldersgruppa 19-24, gitt at studentutviklinga hadde vore resultat av endringar i storleik på alderskulla. Faktiske tal. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.	38
Figur 25. Potensielle effektar for tilgangen på nye studentar av den demografiske utviklinga for aldersgruppa 19-24 år i perioden 2014-26. Faktiske tal. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.....	39
Figur 26. Potensielle effektar for tilgangen på nye studentar av den demografiske utviklinga for aldersgruppa 19-24 år i perioden 2014-26 fordelt på ulike geografiske område. Faktiske tal. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.	40
Figur 27. Potensiell demografisk effekt på studentrekrutteringa frå 2000 til 2013 for aldersgruppa 19-24, gitt at studentutviklinga hadde vore resultat av endringar i storleik på alderskulla. Faktiske tal. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.....	41

INNLEIING

Denne studien analyserer utviklingstrekk ved rekruttering av nye studentar til Høgskolen i Ålesund. Den viser for det første kva endringar som har prega tilgangen på nye studentar i perioden frå 2000 til 2013. Eit sentralt spørsmål er kva desse utviklingstrekk kan bety for den vidare studentrekrutteringa til Høgskolen i Ålesund. Vi veit at både denne og andre høgskular i perioden som ligg bak oss har rekruttert frå store ungdomskull. I lys av dette blir det sentralt å kunne vurdere korleis nedgang i ungdomskulla i åra som kjem kan slå ut for vidare rekruttering av nye studentar.

HØGARE UTDANNING I VEKST

Ein stadig større del av årskulla tek høgare utdanning, noko som viser att i både søkartala til utdanningsinstitusjonane og i søkinga til høgare utdanning. Den såkalla utdanningsekspløsjonen har etter kvart ei lang historie og har prega dei fleste fødselskulla frå etterkrigstida. Ein studie frå NIFU om søkinga til høgare viser at veksten i søkinga til høgskular og universitet også har vore sterk i perioden etter år 2000.¹ Studien peiker mellom anna på at veksten, i motsetning til før år 2000, i liten grad har vore påverka av svingingar i konjunkturane. Etterspurnaden etter høgare utdanning har ikkje vorte dempa av konjunkturoppgang og stor etterspurnad etter arbeidskraft, slik ein har sett tidlegare. Dette kan tolkast som eit uttrykk for at det å ta høgare utdanning har fått høg eigenverdi. Mange tek slike utdanningar sjølv i periodar når opningane inn i arbeidsmarknaden er mange.

Dei demografisk trendane har vore på høgskulane og universiteta si side i åra etter år 2000. Slik sett kan ein del av veksten i søkjartala tilskrivas veksende ungdomskull. I følge berekningane frå NIFU skuldast likevel under halvdel (40 prosent) av veksten aukande ungdomskull. Dette betyr at resten (60 prosent) er resultat av at ein større del av befolkninga søker til høgare utdanning.

Det er fleire drivkrefter bak utviklinga. NIFU peikar på auka kompetansebehov, det vil seie at endringar i etterspurnaden er ein viktig grunn. Men dei peikar også på at tilbodssida er endra. Kvalitetsreforma har lagt grunnlag for mange nye studietilbod med ein klar profil og meir strukturerte utdanningsløp. I tillegg er det no borna til tidlegare utdanningsgenerasjonar som finn vegen til utdanningsinstitusjonane.

Utdanningsnivået til foreldre har som kjent mykje å seie for kor lange utdanningar borna tek.

Ungdommane som har meldt seg på utdanningsmarknaden etter 2000, er born av utdanningsgenerasjonane på 1970- og 80-talet. Slik sett kan tidlegare utdanningsauke også legge grunnlag for seinare vekst, og slik sett vere sjølvforsterkande.

Endringane i søkinga til høgare utdanningar har, i alle fall eit stykke på veg, hatt ein karakter som ha vore gunstig for utdanningstilbodet ved Høgskolen i Ålesund. Det har mellom anna vore sterk vekst i søkinga til sjukepleiarutdanninga.² Veksten har også vore sterk i naturvitskaplege/teknologiske og økonomiske/administrative utdanningar, men denne veksten har først og fremst kome i siste del av perioden. Ingeniørutdanningane har såleis hatt ein svakare vekst enn mange andre utdanningar i perioden sett under eitt (rundt 20 prosent vekst i søkarar).

¹ Terje Næss (2013). *Søking til høgere utdanning: Hovedmønstre 2000-2012*. Oslo: NIFU.

² Jf referanse over

Det er likevel ikkje slik at alle utviklingstrekk har favorisert studiestadar som Ålesund. Den geografiske fordelinga av søknadane har nemleg gitt størst vekst i sentrale strok av landet, særleg Oslo og Akershus

OM DATAMATERIALET

Utviklinga av studenttala kan skuldast ulike forhold. Vekst i tal søkjarar er såleis berre ein faktor blant fleire. Det handlar også om kor lange studiar studentane tek, omfang av fråfall i løpet av studiane, kor mange som fullfører ein bachelorgrad, andel som går over på masterløp osb.

Denne studien ser derimot berre på tilgang på nye studentar. Data er basert på uttrekk frå datamaterialet som høgskulen sjølv registrerer om eigne studentar. Undersøkinga gjeld studentar som starta utdanning ved Høgskolen i Ålesund frå og med år 2000. Studentar som starta utdanning ved Høgskolen i Ålesund meir enn ein gang frå og med år 2000, blir berre rekna med første gang dei starta slik utdanning. Utanlandske studentar er ikkje med i uttrekket. Studentar der det ikkje har vore råd å finne data om heimstadkommune er heller ikkje med. Uttrekket omfattar såleis ikkje alle studentar som starta dei ulike studiane ved høgskulen kvart år. Gitt dei kriteriana som er lagt til grunn her, har vi valt å kalle desse «nye studentar» ved Høgskolen i Ålesund.


I og med at vi manglar data om heimstadkommune for nokre av studentane, gir materialet ikkje eit komplett oversikt over alle nye studentar ved høgskulen. Det vi veit om desse studentane, er at dei utgjør mindre enn 10 prosent av universet. Dermed kan vi slå fast at størstedelen av dei nye studentane ved Høgskolen i Ålesund er med i materialet, noko som i seg sjølv gir eit grunnlag for å gå ut frå at materialet langt på veg speglar eit reelt bilete av rekrutteringssituasjonen ved denne høgskulen. Dei utanlandske studentane er heller ikkje med i hovudanalysen. For å sjå utviklinga blant utanlandske studentar baserer vi derfor oss på statistikk frå Database for statistikk om høgare utdanning. Til forskjell frå resten av materialet, omfattar denne databasen alle studentar, ikkje berre nye studentar. Derfor fungerer dette materialet berre som eit supplement til resten av analysen.

I analysane har vi valt å konsentrere oss om fire kull nye studentar. Vi har slått saman to og to kull til to grupper. Den eine gruppa er dei som starta å studere ved Høgskolen i Ålesund hausten 2000 og hausten 2001. Den andre gruppa er dei som starta å studere hausten 2012 og hausten 2013. Ved å slå saman to og to kull, kan vi jamne ut «tilfeldige» variasjonar frå år til år.

I tillegg til studentdata, er analysane baserte på demografiske data frå Statistisk sentralbyrå. Desse er trekte ut frå Statistikkbanken. I tillegg er det brukt utvalde utdanningsdata basert på registra til Statistisk sentralbyrå.

NYE STUDENTAR VED HØGSKOLEN I ÅLESUND

Rekrutteringa av nye studentar viser ein moderat auke i perioden frå 2000/01 til 2012/13. Både i 2012 og 2013 er det registrert fleire nye norske studentar enn i 2000 og 2001. Reknar vi på gjennomsnittet for dei to første og dei to siste åra utgjer det ein auke på i overkant av 100 studentar eller om lag 11 prosent.³




Figur 1. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund. Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

³ Basert på tal frå «Database for statistikk om høgare utdanning» viser rapporten Kristiansund, Molde og Ålesund som regionale motorar. Kor attraktive er «motorane» for folk med høg utdanning? (Grimsrud, Båtevik og Giskeødegård 2014) at den samla studentveksten ved Høgskolen i Ålesund har vore høgare enn dette. Desse tala er basert på eit heilt anna berekningsgrunnlag enn dei tala som ligg til grunn for analysane i dette notatet. Til dette bilete høyrer vekst i tal utanlandske studentar, at fleire av studentane blir verande lengre ved høgskulen enn tidlegare osb. Desse tala kan såleis ikkje samanliknast med talmaterialet som er brukt her, som berre omfattar «nye studentar» og som heller ikkje omfattar dei utanlandske studentane.


GEOGRAFISK BAKGRUNN

Det har skjedd klare endringar i rekrutteringa til Høgskolen i Ålesund frå tidleg på 2000-talet og fram til 2012 og 2013. Det generelle bildet er at Høgskolen i Ålesund aukar rekrutteringa frå andre delar av landet, medan rekrutteringa frå nærområdet er redusert. Dette viser att både i absolutte og relative tal. Rekrutteringa frå nærområdet er framleis stor og den absolutt viktigaste, men likevel klart minkande.




Figur 2. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå Ålesund-regionen. Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013.
Kjelde: Høgskolen i Ålesund

Den mest markerte nedgangen har skjedd i rekrutteringa av studentar frå vertskapskommunen Ålesund. Samla rekrutterte Høgskolen i Ålesund 625 nye studentar busette i Ålesund kommune i 2000 og 2001. I 2012 og 2013 var samla rekruttering for dei to åra frå vertskapskommunen redusert til 503.



Figur 3. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå Møre og Romsdal elles (område som ikkje er med i figurane over). Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

Frå andre område i Møre og Romsdal har tilgangen på nye studentar auka. Det er snakk om ein moderat auke. Auken er til dømes på ingen måte sterkt nok til å vege opp for nedgangen i Ålesund-regionen. Dermed er det snakk om ein nettonedgang i studentar frå Møre og Romsdal.⁴




Figur 4. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå Vest- og Midt-Norge elles (område som ikkje er med i figurane over). Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

Av andre «nærrområde» viser også rekrutteringa frå Sogn og Fjordane nedgang i perioden.


⁴ Andre befolkningstygndepunkt i Møre og Romsdal omfattar Molde, Kristiansund, Ørsta/Volda-regionen og Ulsteinvik-regionen.

Veksten skuldast dermed tilgang på nye studentar frå andre område enn Nord-Vestlandet. Både rekrutteringa frå resten av Vest- og Midt-Norge er eit uttrykk for dette.




Figur 5. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå landet elles (område som ikkje er med i figurane over). Faktiske tal. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

Samtidig har tilgangen av nye studentar frå andre delar av landet auka monaleg om vi samanliknar 2012/13 med situasjonen ved tusenårsskiftet. I utgangspunktet rekrutterte høgskulen få studentar frå desse områda. Dette gjer at den prosentvise veksten blir svært høg. Det samla talet nye studentar frå fylka utanfor Midt- og Vest-Norge var 59 i år 2000. I 2013 var det 181 nye studentar frå desse områda. Befolkningstygdepunkt som det sentrale Austlands-området viser langt sterkare att i 2012/13 enn i 2000/01. Samtidig har tilgangen av nye studentar frå landet elles også vore monaleg jamført med tidlegare.




Figur 6. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt kva geografisk område dei er rekrutterte frå. Faktiske tal. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

I tal er nedgangen av studentar størst i Ålesund. Samtidig er veksten av studentar frå dei sentrale delane av Austlandet i seg sjølv stort nok til å erstatte denne nedgangen.



Figur 7. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt kva geografisk område dei er rekrutterte frå. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Prosent av nye studentar. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

Den relative betydninga av rekrutteringa frå Ålesund er redusert med heile 10 prosentpoeng i perioden. Dersom vi reknar at rekrutteringa frå Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane representerer den regionale rekrutteringa til Høgskolen i Ålesund, har denne samla vorte redusert med frå 87,6 prosent til 71 prosent. Isolert sett kan dette opplevast som ei utfordring. Den auka tilgangen av nye studentar frå andre område er etter alt å dømmе vel så viktig for den langsiktige rekrutteringa til høgskulen. Større rekruttering nasjonalt medverkar til ei klar utviding av rekrutteringsbasen for utdanningane skulen tilbyr, og er i så måte eit positivt og viktig utviklingstrekk.



Figur 8. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund frå Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane versus landet elles. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

NYE STUDENTAR I ÅLESUND OG STUDENTAR FRÅ MØRE OG ROMSDAL


Dei nye studentane ved Høgskolen i Ålesund utgjør ein relativt stor del av heile studentmassen frå nokre av kommunane, samtidig som dei utgjør ein klart mindre del i andre kommunar. Det kan vere stor forskjell sjølv mellom kommunar som ligg nær høgskulen.

Trass dette er det naturleg nok blant kommunane i nærrområde vi finn dei som i størst grad er influerte av tilboda Høgskolen i Ålesund gir. Skodje er det klaraste døme på dette. Det same gjeld ein del andre mindre kommunar, særleg på kysten av Sunnmøre. Vanylven og Sande er dei tydelegaste døma på dette. Begge desse er kommunar som er prega av marine og maritime næringer, det vil seie næringer som utdanningstilbodet ved høgskulen profilerer seg i forhold til.

Situasjonen varierer relativt elles mykje får den eine kommunen til den andre.⁵ Ungdom i alderen 19-24 år frå Ulstein er høgt representerte i det høgare utdanningssystemet i 2013. Vi finn likevel berre 6,4 prosent av desse att blant dei nyrekrutterte studentar i same aldersgruppe i Ålesund. Samtidig har Ulstein, på lik line med for eksempel Sande og Vanylven, eit næringsliv som ved Høgskolen i Ålesund profilerer seg i forhold til.


Vanylven og Haram har ein klart mindre andel ungdomar i høgare utdanning enn Ulstein. Blant studentane frå desse kommunane var andelen som starta utdanninga si ved Høgskolen i Ålesund derimot langt større. Slik sett kan ein kanskje seie at høgskulen har ein særleg viktig funksjon for ungdom i kommunar der færrest ungdom går utdanningsvegen?

⁵ Det viktig å understreke at dette er tal for eitt enkelt år. Særleg for dei minste kommunane kan små variasjonar frå år til år gi relativt store prosentvise utslag.



Figur 9. Andel nye studentar i aldersgruppa ved Høgskolen i Ålesund av alle studentar frå dei aktuelle kommunane i same aldersgruppa. Berekinga av studentar frå kommunane er basert på alle som tilhøyrer aldersgruppa 19-24 år i 2013 og som budde i den aktuelle kommunen som 16-åring. Prosent. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå.⁶

⁶ Nokre kommunar i Møre og Romsdal er utelatne frå analysen. Dette gjeld for det første Kristiansund og Aure. Grunnen er at desse to kommunane har vore involverte i kommunesamanslåingar. I tillegg er det



Figur 10. Andel studentar 1. oktober 2013 i aldersgruppa 19-24 år fordelt på kva kommune dei budde i det året dei fylte 16 år. Berekinga av studentar frå kommunane er basert på alle som tilhøyrer aldersgruppa 19-24 år i 2013 og som budde i den aktuelle kommunen som 16-åring. Prosent. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå.


Figur 9 og 10 kan lesast på følgjande måte. Det var i alt 99 personar blant dei som var busette i Skodje kommune som 16-åringar, som var registrerte som studentar i alderen 19-24 år. Desse 99 utgjorde knapt tredjedelen av dei seks aktuelle årskulla frå kommunen (29,8 prosent). Av desse 99 studentane, finn vi att heile 20 prosent (20 studentar) som nye studentar ved Høgskolen i Ålesund i 2013. Slik sett hadde

nokre kommunar som ikkje har registrerte nye studentar i Ålesund i 2013; Aukra, Surnadal, Rindal, Halså og Smøla.

Høgskolen i Ålesund ein høgare marknadsandel av den totale studentmassen i denne kommunen, enn i nokon av dei andre kommunane i fylket dette året.

ALDER

Aldersspennet blant nye studentar har vorte gradvis vorte mindre i perioden 2000-13. Det er klart færre eldre og klart fleire yngre nyrekrutterte studentar i 2013 enn i 2000. Både gjennomsnittsalder og medianalder er redusert i perioden. Medan gjennomsnittsalderen i 2000 var 27,7 år i 2000, var den 23,7 år i 2013.




Figur 11. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter alder ved studiestart. Faktiske tal. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

Alderspyramidane viser klart ei studentmasse som er prega av nye studentar i alderen 19, 20 og 21 år. Aldersgruppa under 25 år utgjer ein monaleg større del av studentmassen i 2012/13 enn i 2000/01.


Tabell 1. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter gjennomsnittsalder og medianalder ved studiestart. Aldersgrupper i prosent. 2000-2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

Startår	Alder				N
	Gjennomsnitt	Median	Standardavvik		
2000	27,7	23	9,542		889
2001	27,2	23	9,202		919
2012	23,9	21	7,218		1054
2013	23,7	21	6,862		958



Figur 12. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter alder ved studiestart. Aldersgrupper i prosent. 2000, 2001, 2012 og 2013. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

Medan aldersgruppa som dekkjer alle frå russekullet og opp til 24 år utgjorde 56,2 prosent av studentane i 2000, utgjorde same aldersgruppe 74,7 prosent av dei nye studentane i 2013. Det vil seie at veksten i denne gruppa var nærare 20 prosentpoeng.




Figur 13. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter alder ved studiestart. Faktiske tal. . Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.


I faktiske tal betyr dette ein særleg sterk studentvekst i aldersgruppene 21 år og yngre og ein klar nedgang blant studentar 30 år og eldre.

KJØNN

Det er på det jamne fleire kvinner enn menn blant studentane ved Høgskolen i Ålesund. Samla har det vore vekst både av kvinnelege og mannlege studentar. Fordelinga på ulike utdanningar er relativt stabil. Det har likevel vore ei viss forskyving i samansetninga i perioden, med ein større vekst av mannlege (16,9 prosent) enn kvinnelege studentar (6,8 prosent).



Figur 14. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter kjønn. Faktiske tal. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.



Figur 15. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter kjønn. Prosent. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.


Stabiliteten i kjønnsfordelinga viser også att i dei ulike typene utdanningane som høgskulen tilbyr. Relativt sett har kvinneandelen vorte redusert både i utdanningar der kvinnene dominerer (til dømes sjukepleie) og studiar som er sterkt mannsdominerte (ingeniør). Samtidig har nye studiar, særleg språk, fanga opp mange nye kvinner.

I og med at veksten i søkjarar til høgare utdanningar på nasjonalt nivå i følgje NIFU i vesentleg grad skuldast auka søking blant kvinner, viser kjønnsfordelinga blant nye studentar at Høgskolen i Ålesund ikkje fullt ut har utbytte av dette.⁷

⁷ Terje Næss (2013). *Søking til høgere utdanning: Hovedmønstre 2000-2012*. Oslo: NIFU.


INNRETNING PÅ STUDIANE

Veksten i nye studentar er delvis knytt til studieprogram som har kome til i perioden, delvis i eksisterande studieprogram.



Figur 16. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter studieprogram. 2000-2013. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

Språkutdanningar og administrative maritime utdanningar representerer nye studieprogram. Desse rekrutterte samla sett 200 studentar i 2012 og 2013. Den nasjonale veksten i sjukepleiarutdanningane viser derimot ikkje att i desse tala, sjølv om det har vore ein auke i vidareutdanningane i sjukepleie. Studieprogram med klar vekst er dei økonomisk/administrative utdanningane, maritime utdanningar og ingeniørutdanningane.




Figur 17. Nye studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt etter kva næringsinnretning studiet har. Samanlikning av studentar som høyrer til kulla som starta 2000 og 2001 og studentar som høyrer til kulla som starta studiane 2012-13. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.⁸

⁸ Veksten i uspesifisert handlar primært om språkutdanning som ikkje hadde studentar i det heile i 2001/02.

I tillegg til utdanningar som utdannar kandidatar til helseinstitusjonane, har Høgskolen i Ålesund ein klar profil i retning av økonomi, finans og maritime næringar. Denne profilen er forsterka gjennom rekrutteringa av nye studentar om ein samanliknar dei to registreringstidspunkta.


UTANLANDSKE STUDENTAR

I tillegg til veksten av norske studentar, har også Høgskolen i Ålesund hatt vekst gjennom at dei utanlandske studentane ved høgskulen har vorte fleire.




Figur 18. Utanlandske studentar ved Høgskolen i Ålesund, 2003-2013. Registreringstidspunkt haust. Faktiske tal. Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning, NSD.

På grunnlag av tal frå Database for statistikk om høgare utdanning, kan vi slå fast at talet utanlandske studentar har auka klart ved Høgskolen i Ålesund i den perioden vi studerer her. Tal som går tilbake til 2003 viser at i løpet av 11 år er talet utanlandske studentar nesten tredobla.



Figur 19. Utanlandske studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt på kjønn, 2003-2013. Registreringstidspunkt haust. Faktiske tal. Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning, NSD.

Kvinnene utgjør halvdel av utlandsstudentane, ein andel som har auka i forhold til dei første åra vi tal frå.



Figur 20. Utanlandske studentar ved Høgskolen i Ålesund fordelt på verdsdel. 2003-2013. Registreringstidspunkt haust. Faktiske tal. Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning, NSD.

Det er ein markant vekst i studentar både frå Vest-Europa og frå Aust-Europa ved høgskulen. Den aller sterkaste veksten har kome blant asiatiske studentar og desse har utgjort den største gruppa utlandsstudentar ved Høgskolen i Ålesund i perioden frå og med 2010.

FRAMTIDA FOR STUDENTREKRUTTERINGA – EIN DEMOGRAFISK MOTBAKKE?

Aldersgruppa 19-24 år har vorte meir og meir viktig for rekrutteringa av studentar for Høgskolen i Ålesund. Fødselskulla som ligg til grunn for aldersgruppa 19-24 år har samtidig vorte klart større i peioden 2000-13. På landsbasis har desse kulla auka med heile 23 prosent. Denne veksten er såleis i seg sjølv større enn den prosentvise veksten i nye studentar ved Høgskolen i Ålesund, men vi har som vi har sett tidlegare er veksten i nye studentar i aldersgruppa 19-24 år klart større enn for andre aldersgrupper, også i Ålesund.


I og med at Høgskolen i Ålesund framleis har ein stor andel regionalt rekrutterte studentar, vil dei demografiske endringane i Møre og Romsdal og særleg i nærområdet til høgskulen kunne vere viktige for rekrutteringa til høgskulen.

Det er likevel ikkje noko som tilseier at det er dei demografiske endringane i regionen som har mest avgjerande for utviklinga i rekrutteringa. Ålesund kommune, det vil seie vertskommunen for høgskulen, har til dømes hatt sterk vekst ungdomskulla i åra som ligg bak oss. Aldersgruppa 19-24 år hadde i perioden 2000-13 ein vekst over landsgjennomsnittet i Ålesund, nærare bestemt ein vekst på 27,4 prosent. Kommunane i Møre og Romsdal elles har hatt svakare vekst, 2 prosent i nærlandet til Ålesund, 8,6 prosent i det vi har kalla andre befolkningskonsentrasjonar i Møre og Romsdal og 0,6 prosent i andre kommunar i Møre og Romsdal. Samla var veksten i Møre og Romsdal 8 prosent. I Sogn og Fjordane var veksten på 6,4 prosent.

Om vi ser framover, veit vi at ungdomskulla kjem til å bli reduserte. I analysane under baserer oss på framskrivingar frå Statistisk sentralbyrå, nærare bestemt det som blir kalla mellomalternativet eller hovudalternativet. Det er dette alternativet som i størst grad kan reknast som ei befolkningsprognose. Det vil sjølvstøtt vere usikkerheit knytt til slike tal. I og med at vi ser på aldersgruppa 19-24 år, viser analysane likevel kull som alt er fødde, noko som gjer grunnlaget for prognosane sikrere enn om ein også skulle bygge inn føresetnader om endringar i tal fødde.


Prognosane fram til 2025 viser at kullet 19-24 år kan bli redusert med knappe 400 personar for Møre og Romsdal sett under eitt, jamført med situasjonen i dag. Dette betyr ein samla nedgang på 2 prosent, mot 0,1 prosent i landet sett under eitt. Mange område ligg an til nedgang, inkludert Ålesund kommune. Derimot ligg kommunane i omlandet til Ålesund an til ein vekst i dei same kulla, ein vekst på heile 14 prosent. For Sogn og Fjordane peikar prognosane mot ein nedgang på 6,9 prosent, medan dei to siste Vestlandsfylka, saman med det sentrale Austlandsområdet, ligg an til vekst. Veksten vil bli klart sterkast på Austlandet, om prognosane slår til.

Om ein skal kunne seie noko om betydinga av demografiske endringar for studenttala, er det rekrutteringa blant dei yngste aldersgruppene som vil vere mest påverka av slike endringar. Her er det viktig å ha in mente at det samla sett vore større auke av nye studentar i alderen 19-24 år enn blant nye studentar i andre aldersgrupper. For denne aldersgruppa var tal nye studentar med heimstad i Ålesund kommune til dømes stabilt, medan det var ein reell nedgang for alle studentar. Frå andre delar av Møre og Romsdal auka tilgangen av studentar frå same aldersgruppe.




Figur 21. Studentar 19-24 år i promille av alle i aldersgruppa fordelt på ulike område på Nord-Vestlandet. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Sett i forhold til kor store kull ein har rekruttert frå, har rekrutteringa av nye studentar til Høgskolen i Ålesund vorte redusert i Ålesund kommune og Sogn og Fjordane. Ålesund hadde ein sterk vekst i ungdomskulla i perioden etter 2000. Talet på nyrekruttererte studentar i same aldersgruppe har derimot vore stabilt. Slik sett har den effekten av demografisk vekst vore fråverande i dette tilfelle. Ut over dette kan ein snakke om ei relativ styrking av rekrutteringa regionalt. Studentveksten for aldersgruppa 19-24 år har såleis vore større enn den samla veksten i kulla 19-24 år skulle tilseie i desse delane av fylket både i det nære omlandet rundt Ålesund og i resten av fylket.




Figur 22. Studentar 19-24 år i promille av alle i aldersgruppa fordelt på ulike område utanfor Nord-Vestlandet. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Tilsvarande har veksten av nye studentar frå alle andre delar av landet også auka meir enn den demografiske utviklinga i desse delane av landet skulle tilseie. Attraktiviteten til Høgskolen i Ålesund har såleis auka i alle delar av landet, med unntak av i Ålesund kommune og i Sogn og Fjordane.



Figur 23. Nettoendring i tal nye studentar i aldersgruppa 19-24 år frå 2000 til 2013 fordelt på ulike område. Faktiske tal. Kjelde: Høgskolen i Ålesund.

Potensiell demografisk effekt frå 2000 - 2013 for aldersgruppa 19-24 år



Figur 24. Berekna potensiell demografisk effekt på studentrekrutteringa frå 2000 til 2013 for aldersgruppa 19-24, gitt at studentutviklinga hadde vore resultat av endringar i storleik på alderskulla. Faktiske tal. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

I 2000 var det 499 nye studentar i aldersgruppa 19-24 år ved Høgskolen i Ålesund. I 2013 hadde dette talet auka til 716, det vil seie ein auke på 217 personar.

Om vi prøver å isolere den demografiske effekten for den aktuelle perioden, skulle den tilseie at Høgskolen i Ålesund fekk 64 nye studentar.⁹ I realiteten vaks studenttalet med 217 for denne aldersgruppa.¹⁰ Dette betyr at den demografiske effekten utgjer 29,5 prosent, medan 70,5 prosent i veksten i nye studentar skuldast at det har vorte meir attraktivt å studere/at det har vorte meir attraktivt å studere ved Høgskolen i Ålesund.

I tal studentar skulle den demografiske effekten primært ha gitt utslag ved at det kom til 37 nye studentar frå Ålesund. Realiteten er derimot at tal nye studentar i den aktuelle aldersgruppa frå Ålesund er relativt stabilt. Dei 37 ekstra studentane frå Ålesund som figur 24 indikerer, møtte ikkje til studiestart, i alle fall ikkje til Høgskolen i Ålesund. Slik sett kan ein med god grunn hevde at studentveksten ved Høgskolen i


⁹ Dette er utrekningar basert den demografiske utviklinga for til dels store geografiske område, til dømes for heile Nord-Norge. Vi har ikkje kontrollert for korleis studentane fordeler seg innan Nord-Norge, om dei kjem frå vekst- eller nedgangsområde i landsdelen. Tala kan likevel gi ein peikepinn om kva veg den demografiske effekten dreg.

¹⁰ Studentveksten i den aktuelle aldersgruppa er langt større enn samla vekst i nye studentar ved Høgskolen i Ålesund. Dette på grunn av at aldersstrukturen ved høgskulen er sterkt endra.

Ålesund, om ein samanliknar 2013 med år 2000, i liten grad er prega av demografiske endringar i rekrutteringsgrunnlaget.


SPREIING AV DEMOGRAFISK RISIKO

Sett i lys av den utviklinga i perioden 2000 til og med 2013, kan ein kanskje seie at det lite grunn til å vere uroleg for at nedgangen i ungdomskulla skal undergrave rekrutteringa til Høgskolen i Ålesund. Gjennom å auke tilgangen på nye studentar frå andre delar av landet, skjer det ei spreining av den demografiske risikoen. Det at høgskulen har fått mange fleire studentar frå sentrale område på Austlandet, reduserer også «faren» for at demografien i seg sjølv skal svekke rekrutteringsgrunnlaget.




Figur 25. Potensielle effektar for tilgangen på nye studentar av den demografiske utviklinga for aldersgruppa 19-24 år i perioden 2014-26. Faktiske tal. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Framskriving av studentmassen fram til og med 2026, gitt at den geografiske fordelinga av nye studentar er den same som i 2013, viser at ein vil ha ein svak auke i tal studentar i alderen 19-24 år fram til 2018, ein stabil periode nokre år etter dette og ein svak nedgang etter 2021. Etter desse utrekningane vil talet nye studentar i alderen 19-24 år vere omtrent det same i 2026 som i 2014.



Figur 26. Potensielle effektar for tilgangen på nye studentar av den demografiske utviklinga for aldersgruppa 19-24 år i perioden 2014-26 fordelt på ulike geografiske område. Faktiske tal. Kjelde: Høgskolen i Ålesund og Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Denne utviklinga vil, om den skulle bli ein realitet, auke innslaget av studentar særleg frå nærområdet rundt Ålesund og frå Austlandet. Reduksjonen i talet studentar frå Ålesund vil kunne halde fram, no også som resultat av minkande kull i aldersgruppa 19-24 år i Ålesund.



Figur 27. Potensiell demografisk effekt på studentrekrutteringa frå 2000 til 2013 for aldersgruppa 19-24, gitt at studentutviklinga hadde vore resultat av endringar i storleik på alderskulla. Faktiske tal. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Det er likevel ikkje snakk om dramatiske endringar målt i tal nye potensielle studentar. I 2026 vil eit slikt reknestykke gi 15 fleire studentar frå nærlandet til Ålesund og ein nedgang på 11 studentar frå Ålesund. Alt tilseier dermed at det er attraktiviteten til høgskulen, ikkje demografien som vil vere avgjerande for framtidig rekruttering til høgskulen. Utviklinga fram til 2013 peikar i retning av at skulen blir meir og meir avhengig av å bli oppfatta som attraktiv i nasjonal samanheng. I tillegg kjem sjølvstøtt rekruttering av utanlandske studentar.

AVSLUTTANDE DRØFTING

Søkinga til høgare utdanning har vore aukande i perioden etter tusenårsskiftet. Dette har gitt auke i rekruttering av nye studentar. Dette gjeld også Høgskolen i Ålesund. Veksten er særleg tydeleg blant dei yngste aldersgruppene, dei som kjem rett frå vidaregåande, frå militæret, frå folkehøgskule, frå eit kortare opphald i arbeidslivet eller etter å ha brukt eit friår til reise. Perioden vi har lagt bak oss, har vore prega av store ungdomskull, noko som i seg sjølv aukar grunnlaget for vekst i studentmassen. Men det er truleg vel så viktig at mange av desse ungdomane tilhøyrer ein generasjon med høgt medvit om betydinga av formell kompetanse. Dette er borna til dei første store utdanningskulla frå 1970- og 80-talet. Lange utdanningar er på ein heilt anna måte enn for nokre tiår sidan vorte eit normalt val for mange.

Samtidig er det også sider ved utviklinga som bremsar tilgangen av nye studentar, ikkje minst til høgskular utanfor dei største byane. Mange søker seg til store utdanningsinstitusjonane. Veksten er såleis ikkje likt fordelt, korkje mellom skulane eller landsdelane.

Høgskolen i Ålesund rekrutterer mange kvinner. Dette gir i seg sjølv eit potensiale for vekst, i og med veksten i kvinnelege studentar har vore særleg stor. Blant dei nye studentane i Ålesund har derimot veksten vore større blant mennene enn blant kvinnene. Kvinneandelen blant nyrekrutterte studentar har faktisk gått ned både for ein del av studieprogramma som tradisjonelt har vore kvinnedominerte og for ein del av dei studieprogramma som tradisjonelt har vore mannsdominerte.

Eit kjenneteikn ved studentrekrutteringa til Høgskolen i Ålesund, er at mange av studentane har vorte rekrutterte frå eige nærområde. Dette er for så vidt framleis tilfelle. Det har likevel skjedd klare endringar i rekrutteringsmønsteret til høgskulen i Sunnmørshovudstaden. Andelen nye studentar frå andre stader enn Nord-Vestlandet har auka monaleg i perioden etter år 2000. Auken har vore særleg stor for dei studentane som kjem frå sentrale delar av Austlandet, men det har også vore ein klar auke av nye studentar frå andre delar av landet, inkludert Nord-Norge. Den relative betydinga av den lokale rekrutteringa, særleg den frå vertskommunen, har dermed vorte redusert.

At det nye studentane har ein breiare geografiske bakgrunnen enn tidlegare, må først og fremst sjåast som ei styrking av rekrutteringsgrunnlaget til Høgskolen i Ålesund. Ein kan sjå ei slik utvikling som ei styrking av det demografiske grunnlaget for rekrutteringa av studentar til høgskulen. Når rekrutteringa aukar frå dei delane av landet som vil ha dei største ungdomskulla framover, vil høgskulen også ha eit betre potensiale for å oppretthalde studenttalet vidare.

Når dette er sagt, viser erfaringane frå rekrutteringa av nye studentar til Høgskolen i Ålesund, at det først og fremst er andre forhold enn store og små kull som har påverka rekrutteringa av nye studentar dei siste åra. Det som utgjer den store forskjellen mellom situasjonen ved tusenårsskiftet og situasjonen fjorten år seinare, er at høgskulen har greidd å trekke til seg fleire studentar frå «nye» område. Kva som ligg bak ei slik utvikling, kan vi berre spekulere i. Først og fremst handlar det etter alt å dømmе om at studietilbodet og eventuelt regionen blir opplevd som meir interessant for nokre fleire ungdomar med røter i andre regionar enn kva som har vore tilfelle tidlegare. Ein annan drafaktor kan vere at mange ungdomar som vaks opp i sentrale strom av landet, har familietilknytning til Sunnmøre og Ålesundregionen. Slik sett ser vi kanskje også konturane av ein «bestemorseffekt», der studentane søker seg til studietilbod i eit område dei kjenner godt, gjennom slektsband og feriebesøk.

Samtidig kan andre samfunnsendringar påverke rekrutteringsgrunnlaget. Eit spørsmål er til dømes korleis den store arbeidsinnvandringa dei siste åra vil påverke rekrutteringa til Høgskolen i Ålesund i åra som

kjem, gitt at mange arbeidsinnvandrere slår seg ned og har barn som etter kvart melder seg på utdanningsmarknaden.



MØREFORSKING

MØREFORSKING AS
Postboks 5075
NO-6021 Ålesund
TEL +47 70 11 16 00
epost@mfaa.no
www.moreforsk.no
NO 991 436 502



Høgskolen i Molde



HØGSKULEN I VOLDA



HØGSKOLEN
I ÅLESUND
